



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Det kongelige Miljøverndepartement
postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Vår ref
2007/888/2/

Dykkar ref:
2009017890-/JRI

Saksbehandlar
Bjørn Dalen

Dato
23.06.2009

bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

Skjåk kommune - høyring friluftsløvslov

Vi viser til høyringsbrev dagsett 14.mai 2009, frå Miljøverndepartementet.

Skjåk kommune har følgjande merknader til endringsforslaga:

- Til § 3.

Skjåk kommune er skeptisk til forslaget med å opne for at alle kan sykle og ri over innmark for å kome til utmark. Forslaget verkar lite gjennomtenkt. For det fyrste vil definisjon av veg over innmark ofte vere flytande. Det er stor skilnad i standard på slike vegar. Grunneigar/ brukar vil i mange tilfelle, i regelen, ikkje ha allmen ferdsle som sådan som grunnlag for å etablere veg, men som ein praktisk del av drifta. Enkelte vegar kan ha så dårleg standard at ridning og sykling ikkje eignar seg. Kva med ansvaret ved ulukker?

Skjåk kommune ser det som ei betre løysing å prøve å kome fram til avtaler om bruk av slike kanalar til utmark. Da vil ein og kunne kvalitetssikre slike vegstrekningar til ein viss grad. Dersom almenn ferdsle skal ha heimel på slike vegar må grunneigar/vegansvarleg kunne krevje kompensasjon for vedlikehald/standardheving av slik veg overfor staten.

- Til § 9

Skjåk kommune er direkte imot å fjerne 150 meter grensa for telting frå hus og hytte. Dette er ei grei definerbar grense som alle kan forhalde seg til. I vårt grisgrendte land er ikkje denne grensa noko stort problem, heller tvert imot. Turistbedrifter som DNT har store problem med teltturistar som campar heilt inn i husveggen. Det vil alltid vera geografisk skilnad på kor stor fridom ein har for slik aktivitet. Når kommune og stat har gjeve løyve til bygging i strandsonen så må da dette vera eit bevisst val. Sentralt mynde må heller prøve å skjerme det som er att av kysten i dei heilt sørlege delane av Norge mot nedbygging.

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

Skjåk kommune meiner at denne føreslegne endringa kjem i sterk konflikt med straffelovas § 350 om privatlivets fred. Det er uklokt å endre denne regelen som er så innarbeidt.

- Til § 35

Forslaget her gjeld ei utviding slik at kommunen også får heimel til sjøl å gjennomføre tiltak for å lette ferdsla i utmark under føresetnad av at ein ikkje oppnår avtale med grunneigar. Kommunen kan og gje inngrepsløyve til organisasjonar.

På den eine sida har Skjåk kommune av eige tiltak erfaring med stigmerking, der ein av ei rekke grunneigarar nektar merking av stigar over sin grunn og dermed hindrar god tilrettelegging i utmark. På den andre sida er det også her spørsmål om kor langt ein kan gå i å innskrenke råderetten over privat eigedom.

Skjåk kommune meiner at ein skal strekke seg langt for å få til minnelege avtaler for å lette ferdsla i utmark. Det må og takast omsyn til avstanden til der folk bur når det gjeld å bruke denne heimelen.


Generelle syn

Alle dei 3 forslaga til endring som Skjåk kommune har vurdert gjeld innskrenking i råderetten på eigedom. Dette må vegast mot behovet for tilrettelegging for friluftslivet.

Departementet tek sikte på gjennom forskrift med heimel i §23 i lova å gje utdjupande reglar for versemnd som nemnt i §11. Skjåk kommune meiner det må til ei grundig gjennomgang for å kome fram til gode utmarksetiske reglar inna feltet. Hovedregelen må vere å unngå konflikt mellom almenta sitt behov for ferdsle og den private råderetten. Det bør utarbeidast teit rundskriv som på ein god pedagogisk måte forklarar korleis ein løyser slike oppgåver.

Med helsing

Rolv Kristen Øygaard
Ordførar
Sign.


Bjørn Dalen
Konsulent